

Johanne og Maria på Tvedt-turne

19.01.2011



Johanne og Maria har samarbeidd ved fleire høve dei siste åra.

Undervisningsleiar ved Sunnhordland Museum Johanne Øvstebø Tvedten og dirigent for Røysterett for alle Maria Malmsten skal snart ut på ein liten turne med den musikalske forteljeframsyninga av Jens Tvedt om Madli under apalen.

Dei har presentert han før, mellom anna på Bygdetunet Rød i Uskedalen.
No blir han framført 24., 28. og 31. januar fleire stader
i Kvinnherad. Nærare detaljar går fram av annonse.

Dramatiseringa er det Johanne som har æra for og framsyninga tek 50 minuttar og er i regi av Den Kulturelle Spaserstokken. Det er dei to romanene om husmannskona Madli som har vorte ei framsyning med forteljing, folketonar og song.

Skildringa som ligger til grunn er både rå og rørende, men tilhøyrarane vil kjenne seg att fordi det handlar om kjærleiken og det uforutseielege livet. Bøkene til Tvedt skildrar både lyse og mørke sider ved dette og gjev eit gripende og fargerikt bilet av kvardagen i ei kvinnhersbygd rundt det førre århundreskiftet.

Maria har funne fram folketonar og stev som bygger opp under handlinga og stemminga i fortellinga. Dei to aktørane har samarbeidd også ved fleire andre høve dei siste åra, til dømes med forestillinga Umogeleg kjærleik.

Av Ola Matti Mathisen